Nynorsk

Avspark

Sam vaknar neste morgen.
Han må tisse.
Bak teltet finn han nokre buskar.
«ÆÆÆÆÆÆÆÆÆÆÆÆÆÆÆÆÆ,» roper Sam brått.
Han ser noko raudt og gult i buskane.
Kanon-farfar kjem springande.
«Kven har vi her,» seier han.
«Er du ein av spionane til Pirat-Jonny?»
«Spion?» seier guten. «Eg heiter Sahir.»
«Kvifor har du på deg raud drakt og gule hanskar?»
spør Kanon-farfar.
«Eg er med på fotballcupen der borte,» seier Sahir.
«Bli med meg.»

Oppgåver:

Sjå Arbeidsboka side 19.
Gjer oppgåvene 1, 2 og 3.

Ordriket © Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS